

Møtereftrat

Møte: Teams møte AU Midt

Tid/Sted: Måndag 25.05 kl 12 – kl 14

Tilstede: Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Sverre Tyldum, Geir Håvard Valstad (vara for Borgny K Grande), Johan Kristian Daling, Ivar Wang (vara for Kolbjørn Frøseth), Bård Tore Berntsen, Olav Håkon Ulfnes, Roy Albertsen og Magne Trondmo.

Forfall: Borgny K Grande og Kolbjørn Frøseth

Kopi til: Vara AU, Silje Laugsand Pynnten og Tor Olav Brandtzæg

Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger Molde, 25.05.2020

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styret</p> <p>Olav Håkon orienterte frå styremøte via Teams 19.05. Norsk Landbrukssamvirke vil redusere kostnad, og redusert støtte til Nei til EU er diskutert. Spannande lønsoppgjær. Salet til kjedene. Totalmarknad. Utfordrande med sal av lam frå reguleringslager. Tilførselskampanje på gang. Industristruktur. Avvikling av slakting av hest. Fordeling av styremedlemar i fagutval og AU. Olav Håkon ny leiar i revisjonsutvalet. Dyreslagsanalyse. Strategi.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">Lager av kylling bygd ned før korona, no byggast lager. Ein del vert selt via Den stolte hane, vil stabilisere seg når PROF-marknaden stabiliserer seg. <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	<p>Orientering frå Medlem region Midt</p> <p>Roy orienterte om utviklinga i marknadsandelar. På inntransport forhandlingar med selskapa om avtalar, der fleire er landa. Løysingar som kan få verknad allereie i 2020. Vidare om tilførselskampanjen. Pilotar på storferingar med samlasting skal etablerast i kvar region no.</p> <p>Lars Morten orienterte om at han har hatt kontakt med 4 av dei 5 frå kretsen Midt som har sendt brev til styret. Ragnar skal fylgje opp den 5. To av dei har skrive 2-års avtale med konkurrent. To av dei leverer fortsatt Nortura. Lars Morten sender info om status til Magne for registrering i CRM/oppfølgingsystemet vårt.</p> <p>Lars Morten orienterte om at det har vore møte i Matfestivalkomitéen, med vedtak om at Nortura ikkje deltek i 2020.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">Auka tilførsel av storfe skuldast vel meirprisen?Notra skal også ha eigen bilpark, kva er status?Sverre har hatt kontakt med ein produsent med ammeku og gris, som saknar oppfølging i forhold til framføring. God oppfølging på gris. Roy har også hatt kontakt med han.Service er for mange svært viktig for relasjonen med Nortura. Også rådgjeving vektlagt av mange. Vi må verte tydelegere på kva vi vil med rådgjevinga vår.Lojalitetsbonus etter t.d. 5 eller 7 år er det fleire som har ønska.Ekstra bonus til dei som leverer heile sin produksjon, ikkje splittar, er diskutert.Styrka forståing av samvirke bør kunne diskuterast i studiering, evt i	Lars Morten/ Magne

tilførselskampanjen?

- Mange manglar kunnskap om samvirke, må lagast ein infoplan.
- Forsiktig med kvantumstillegg som ikkje kan forsvarast i rekneskapet. Leggast i puljetillegga?
- Storferingar må knytast tett mot Nortura.
- Kvantumstillegg kan forsvarast i fht samvirkelova. Endra puljetillegg på storfe: Er det avklart i forhold til bilar og inntransportplanlegging? Introduksjonsbonus: Fått tilbod på kr 3 frå konkurrent, så ikkje så stort frå Nortura.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 Oppfølgingsrapport frå kretsmøta

Brit Kari orienterte kort. I Teams møte med Ny Giv kretsutvalet Midt vart det påpeika at det er utfordring med nyare storfemerke. Dette er meldt til OS ID, som vil fylgje opp kretsutvalet.

Oppfølgingsrapporten skal sendast til RU etter AU-møtet.

Spørsmål/kommentarar:

- Når det vert kjøpt føringdyr er produsentnr ført opp på skjema, men i Kukontrollen skal gardsID førast. Mykje enklare dersom gardsID hadde stått på skjemaet. Er Animalia sine skjema?

Roy

Vedtak: AU tek oppfølgingsrapporten frå kretsmøta til orientering.

4 Vidare arbeid med dyrevelferdstemaet

Lars Morten orienterte om arbeidet som har vore gjort etter RU-møtet i haust, med eit opplegg som er utvikla i Midt-Norge og kan brukast på fagmøter/medlemsmøter. Magne orienterte om forslag om å lage ein powerpoint med filmsnuttar som innleiing til dyrevelferdsspørsmåla som er utarbeidd. Få fram ulike perspektiv, som salg mot kjedene, bonde med fokus produksjonsøkonomi og ung/trendy forbrukar. Tanken er at opplegget kan køyrast på medlemsmøter utan fagrådgjevar, men heller kunne bruke t.d. AU, i løpet av hausten.

Spørsmål/kommentarar:

- Bruk gjerne Tilde Sæther og Even Landrø i det vidare arbeidet. Ta bort dyreslag/bolkar som ikkje er aktuelle i eit møte. Svar/haldningar er interessant å sjå, både i møtet og i etterkant av møteserien.

Vedtak: AU ynskjer at det vert jobba vidare dyrevelferdstemaet.

Magne

5 Kretsaktivitet: Handlingsplanar og tildeling av midlar

Brit Kari orienterte om kretsane sine handlingsplanar. Ikkje så mange kretsar har levert planar, avventar nok situasjonen i forhold til korona og moglegheit for møter. Vil vere rom på budsjettet for tiltak som ikkje er planlagt no. Viktig at AU fylgjer opp ansvarskretsane, slik at det vert aktivitetar når situasjonen tillet det.

AU

Vedtak: AU tek kretsane sine handlingsplanar til orientering, samt vidare oppfølging.

6 Orientering frå fagutvala og ansvarskretsane

Lars Morten orienterte om Åfjord/Roan som ynskjer samordning av inntransport av storfe.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

7 Oppnemning av ressursgrupper

Brit Kari orienterte. Kvant AU-medlem vurderer behov for endringar i sine ressursgrupper. I ressursgruppe storfe må Borgny gjere endringar, sidan verken Sigmund Johansen eller Ole Wegard Iversen er tillitsvalde lenger.

Om ressursgruppene, jf Organisasjonshandboka: <https://medlem.nortura.no/innhold-i-organisasjonshandboka/narmere-om-medlemsorganisasjonen-article42500-18528.html>
Dyreslagsrepresentantene i AU kan knytte til seg inntil tre produsenter innen dyreslaget, som kan kontaktes for å drøfte spørsmål på dyreslaget og å planlegge aktiviteter i regionen. Det skal være arbeidsutvalget som peker ut disse produsentene etter forslag fra dyreslagsrepresentanten (eller andre). Det vil være en fordel at disse pekes ut blant medlemmene i kretsutvalgene, fortrinnsvis kretsleder, slik at en gjennomgående representasjon ivaretas. Tilførselsleder på dyreslaget i området skal ha nær kontakt med representanten for dyreslaget i AU og ressursgruppene.

Innspel/kommentarar:

- Borgny har forfall til møtet, så saka bør utsetjast til neste møte.

Vedtak: AU utset til neste møte å vedta nye ressursgrupper.

AU

8 Innspel til vedtektskomitéen

Mandatet er gjengitt nedanfor:

- (i) Komitéen skal på generelt grunnlag vurdere om det er behov for å modernisere og gjøre endringer i vedtektene slik at de er best mulig tilpasset de utfordringer Nortura står overfor i dag og de nærmeste årene.
- (ii) Komitéen skal spesielt vurdere ordlyden og sammenhengen mellom bestemmelsene i kapittel 2 om medlemskap og foreslå endringer slik at innholdet er formålstjenlig og i tråd med Norturas behov knyttet både til finansiering og drift. Komitéen skal forsikre seg om at ordlyden er tydelig og i harmoni med samvirkeoven, og spesielt at den fanger opp alle problemstillinger knyttet til Norturas finansieringsordninger.
- (iii) Komitéen skal også vurdere bestemmelsene i kapitlene 5 Lokalnivå, 6 Mellomnivå og 7 Nasjonalt nivå som omhandler eierorganisasjonen, ut fra de samme perspektiver. Vurderingene skal gjøres med tanke på funksjon, ansvar og oppgaver på de ulike nivåene. Herunder om det bør foretas endringer i §§ 27 og 28 om konsernstyret. Dette kan gjelde både styrets sammensetning og om bestemmelsene bør tydeliggjøre bedre hvilke konkrete plikter og fullmakter styret har.
- (iv) Utviklingen har vist at medlemmer i utstrakt grad driver sin virksomhet gjennom en variasjon av selskapsformer og samarbeid seg imellom. Vedtektskomitéen skal påse at vedtektene og eventuelt annet regelverk tydeliggjør betydningen av slike variasjoner.

Lars Morten ynskte innspel på kva AU ynskjer at vedtektskomitéen skal sjå på. Arbeidet må ikkje kome i vegen for arbeidet med industristruktur. Sjå på ansvar i medlemsorganisasjonen. Vurdere korleis medlemsorganisasjonen skal arbeide med samfunnskontakt nasjonalt og regionalt. Sjå på samansetjing og storleik i AU (nestleiar og fri AU-medlem). Roller og ansvar for AU og fagutval. AU sitt ansvar for oppfølging av kretsane.

Brit Kari lagar eit forslag til uttale, som sendast til AU på høyring, som AU sitt innspel til vedtektskomitéen.

Brit Kari/
AU

Innspel/kommentarar:

- Viktig å ikkje legge meir arbeid i dette, enn at det er sikra 2/3 fleirtal i årsmøtet.

Vedtak: Forslag til uttale frå AU Midt vert utarbeidd og sendt på høyring i AU, før oversending til vedtektskomitéen.

9 Planlegging av 2-dagers møte 31.08 – 01.09.

Brit Kari orienterte om at det er planlagt tlf møte med AU Midt tysdag 02.06 kl 14 – kl 15.30 med Anne Marit Panengstuen. Tema industristruktur. Innkalling kjem.

Lars Morten ynskjer eit 2-dagers møte i Molde, saman med AU Innlandet. Lars Morten tek kontakt med AU-leiar der. Lunsj til lunsj-møte, med gardsbesøk. Ynskjer innspel på tema. Samvirke si rolle v/Ola Hedstein i Norsk landbrukssamvirke?

Spørsmål/kommentarar:

- Oppdal kan vere eit alternativ til Molde.
- Kanaliseringpolitikk v/Lars Fredrik Stuve? Framtidas Nortura som overskrift?

Vedtak: Magne og Lars Morten jobbar vidare med møteplass og program.

10 **Økonomisituasjonen i næringa**

Lars Morten orienterte om at mange slit med økonomi. Viktig at vi seier vi ser at mange slit. Korleis kommunisere det?

Spørsmål/kommentarar:

- I Felleskjøpet har det vore arrangert møter med dei som slit økonomisk. Midt-Norsk Landbruksråd kunne hatt møter, info, oppskrift for dei som slit?
- Innspel til Landbruksrådet frå AU Midt. Invitere folk som slit
- I Grøn Forsking-seminaret var det forslag om at forsikringsselskap kan låne ut til landbruk.
- Fjölfelaget har hatt undersøking om korleis auka fôrkostnad vil påverke økonomien. Styret sin prisauke vart ein redningsplanke. Sendast ut frå andre lag?
- Magne lagar innspel, som sendast Lars Morten og Ragnar for godkjenning.

Magne

Vedtak: AU ber Magne sende innspel til Midt-Norsk Landbruksråd om å arrangere møter med tema økonomisituasjonen.

11 **Eventuelt**

- Neste møte i AU er planlagt som eit tlf møte 18.06. Styret har no fastsett styremøte 18.-19.06. Nytt tidspkt for AU-møtet vert onsdag 24.06 kl 9 – kl 11. Magne sender innkalling.
- Innspel/spørsmål frå kretsleiar Arnt Håkon Fløttum vedk klassifisering er vidaresendt til fagsjef Asgeir Svendsen, emn enno ikkje fått tilbakemelding.

Magne

Brit Kari